

## Festivalen med romjulsfest på låven

12.12.2011



# Uskedalen

INVITERAR TIL

# JULAFEST 2011

PLATESNURRARAR:

## ASBJØRN SLETTEMARK TORGRIM ØYRE



## QUIZ

Dønhauglåven, Uskedalen  
2. juledag kl. 19:00 - 01:00  
Buss heim kl. 01:30  
Billettpris kr 300,- (Statoil Husnes, Spar Uskedalen)

**Festidalen livnar til att og held låvefest på Dønhaug i romjula, nærare bestemt 2. juledag frå klokka 19 til 01. Festen er sjølvsgatt på låven og arrangøren hevdar at dette blir årets største og beste låvefest i Kvinnherad. Det er 2 år sidan siste julefest i Dønhauglåven.**

Kvelden startar som førre gongen med quiz., som var ein stor suksess sist.

Platesnurrarar er ingen ringare enn dei tidlegare kvinnheringane Asbjørn Slettemark og hans kompis Torgrim Øyre, som har nær kontakt.

Asbjørn blir i reklameskrivet beteikna som ein av dei råde fyrane frå Kvinnherad, kjent frå Lydverket i NRK og Pyro på p3. Ellers har han sjølv vore musikkar og har redigert bladet Faro Journalen.

Øyre har vore DJ på festivalar som Quart og Oslo Live. Han har spela i fleire Black metal-band og grunnla metal-festivalen Hole in the Sky. Han har vore skribent i fleire blad og er no musikk-ansvarleg i Dagbladet.

Begge seier at dei gler seg vanvittig til jobben på Dønhaug og dei lovar å spela musikk frå heile spekteet slik at alle får noko dei likar. Øyre seier til Kvinnheringen at han er imponert over Festidalen og gler seg over at det er starta opp att med Festidalen - no for 2012.

- Hugs at du kan besøka dei fleste uteplassane heile året  
- denne julefesten er berre denne natta, skriv arrangørane.

Kva det blir til med sjølve Festidalen i år skriv arrangørane på Dønhaug imidlertid ingenting om.

Mange ventar med interesse på det dei har høyrte skal vera ein positiv budskap men som det til no har vore lokk på.

Av Ola Matti Mathisen